



FRIVILLIGHETNORGE

Justis- Og Beredskapsdepartementet
PB 8005 Dep
0030 OSLO

Att: seniorrådgiver Jan Austad

Oslo, 11. april 2014

HØYRINGSSVAR – FORSLAG TIL ENDRING I POLITILOVEN (ADGANG FOR KOMMUNENE TIL Å FORBY TIGGING PÅ OFFENTLIG STED).

Innleiing

Vi viser til høyringsbrev frå Justis- og beredskapsdepartementets med ref nr 13/5833 - SWO datert 21. mars 2014. Frivillighet Norge står ikke på høyringslista og fekk difor fyrst tilsendt høyringsbrevet og invitasjon til å delta 26. mars, etter at vi ba departementet om å få delta i høyringa. Dette, saman med forkorta høyringsfrist frå departementet, gjer det svært krevjande for Frivillighet Norge som har 283 medlemsorganisasjoner med i alt 50 000 lokallag, å handsame eit høyringssvar organisatorisk. Den korte høyringsfristen gjer det dermed vanskeleg for dei som blir berørt av endringsforslaget å få uttale seg.

Frivillighet Norge har fylgjande merknader til forslaget til lovendring:

Vi vil innleiingsvis peike på at eit forbod mot tigging har mange sider, mellom anna har det konsekvensar for fattige og sårbare grupper sin situasjon. Frivillighet Norges sitt mandat er avgrensa til spørsmål som dreier seg om frivillige organisasjonar sine rammevilkår. Vårt høyringssvar vil difor kun dreie seg om effekten lovendringsforslaget vil ha for dei frivillige organisasjonane si inntektsskapande verksemd.

SSB sin satellittrekneskap for frivillig sektor¹ viser at sektoren skaper verdiar tilsvarende 101 milliardar kroner. 1/3 av inntektene i sektoren kjem i form av offentlege overføringar/tilskot, medan organisasjonane skaffar 2/3 av inntektene sine gjennom medlemskontingentar, lotteri, sal og gåver². Innsamla midlar utgjør ein svært viktig del av organisasjonane sitt inntektsgrunnlag, og er særleg viktig for lokale lag og foreiningar. Molegheitene til å drive pengeinnsamling på offentlig stad er viktig for frivillige organisasjonar.

I lys av frivilligheten sine årelange tradisjonar for pengeinnsamling og frivilligheten sin store og viktige betydning i Norge, er Frivillighet Norge overraska over at Justis- og beredskapsdepartementet ikkje har gjort greie for kva konsekvenser av eit forbod mot tigging, kan ha for frivilligheten i forslaget til lovendring. Frivillighet Norge vil også peike på at det er stor skilnad på tigging til eiga vinning og innsamling til ideelle føremål. Vi meiner dette bør gå klart fram av ordlyden i politilova ved at det blir definert kva som meines med tigging i paragraf 14.

¹ <http://www.ssb.no/orgsat/>

² **Fra folkebevegelse til filantropi**, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor (2010) v Dag Wollebæk og Karl Henrik Sivesind

I høyringsbrevet heiter det:

"Med begrepet tigging tenker departementet på det å be tilfeldige personer om penger eller andre midler. Et eventuelt forbud mot tigging vil ikke ramme en organisert innsamling til veldedige eller allmennyttige formål når innsamlingen er registrert i Innsamlingsregisteret, og pengeinnsamleren dokumenterer tilknytning til innsamlingen"

Vi ser at departementet søker å verne frivillige organisasjonar mot å bli ramma av forbod mot tigging ved å etablere plikt til å melde alle innsamlinger til ideelle føremål til Innsamlingsregisteret. Dette ikkje løyser problemet som tiggeforbod vil skape for frivillige lag og foreningar, men påfører dei snarare meir byråkrati og auka kostnader .

Det er berre vel 100 organisasjonar som er registrert i Innsamlingsregisteret, dei fleste av desse er store organisasjonar. Det kostar kr. 5000,- å kome inn i registeret. I tillegg kjem årleg avgift for å stå i registeret. For små organisasjonar, som utgjer brorparten av dei frivillige laga som samlar inn pengar, inneber dette at dei blir belasta med store utgifter og auka byråkrati, berre for å kunne halde fram med innsamlingsaktivitetar som dei alltid har drive, og som er viktig for organisasjonen og for samfunnet. Det vil føre til at kroken blir satt på døra for innsamlingar i ei rekke lokale lag og til auka medlemsavgiftar eller opphør av aktivitetar.

Frivillighet Norge vil også peike på risikoen for at meldeplikt for innsamling til ideelle føremål skaper eit inntrykk av at frivilligheten sine inntekter er ei sak for det offentlege åleine. Det offentlege har så langt ført kontroll med tilskota som organisasjonane mottok fra stat og kommune, men innfører no også kontroll med dei andre inntektene organisasjonane har, som dei skaffar sjølv.

Norge har svært høg deltaking i sivilsamfunnet. Det er ein ressurs for nasjonen. Høg deltaking bidreg til utvikling av tillit, sosial kapital og økonomiske verdiar. 79 % av befolkninga er med i ein eller fleire frivillig organisasjonar: 48 % av befolkninga deltek med frivillig innsats, ein innsats som i alt svarer til 115 000 årsverk³.

Det at det er enkelt å drive innsamling til gode føremål er ein viktig årsak til den høge deltakinga i sivilsamfunnet. Mange lokale lag og foreningar engasjerer medlemmar og sympatisørar i bøssebæring og kakelotteri i hovudgata eller på torget laurdag førmiddag. Moglegheitene for innsamling er avgjerande for aktivitetane idrettslag, skulekorps, pensjonistforeiningar osv. Folk set i gang spontane innsamlingsaksjonar til kreftramma eller barneheimar i utlandet. Initiativa er viktige for økonomien i frivillige organisasjonar og for folk sine moglegheiter til å agere for å skape ei betre verd. Og sist, men ikkje minst, gjennomfører skuleelevar og studentar innsamling til klassetur og solidaritetsdugnader for ideelle føremål. Desse aktivitetane er også viktige som ein skule i frivillighet og samfunndeltaking, som har stor verdi for landet vårt. Dette vil ta slutt dersom det vert innført meldeplikt og gebyr på 5000 kr til Innsamlingsregisteret.

³ **Fra folkebevegelse til filantropi**, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor (2010) v Dag Wollebæk og Karl Henrik Sivesind

Konklusjon

Frivillighet Norge **støtter ikkje** Justis- og beredskapsdepartementet sitt forslag om å gje kommunar høve til å forby tigging på offentleg stad, i form av eit nytt pkt 8 i politilova § 14. Forbod mot tigging vil skape ei byråkratisk barriere for insamling til ideelle føremål. Dette vil føre til tap av verdiar og engasjement for organisasjonane og for samfunnet.

Med same grunngjeving som det er gjort greie for over støttar Frivillighet Norge heller ikkje opp om forslaget om å vidareføre moglegheiten til å innføre meldeplikt for pengeinnsamling og til å regulere pengeinnsamling på offentleg stad, som vart etablert i fjor. Vi viser også til brev frå oss til Justisdepartementet datert 12. mars 2013 vedkomande slik meldeplikt.

Subsidiært meiner Frivillighet Norge at Justisdepartementet må ta inn ei definisjon av tigging i politilova som viser skilnaden mellom tigging til eiga vinning og innsamling til ideelt føremål. Slik at eit forbod mot tigging ikkje omfattar frivillige organisasjoner.

Atter subsidiært meiner Frivillighet Norge at Justisdepartementet må vurdere moglegheitene for å bruke Frivillighetsregisteret, snarare enn Innsamlingsregisteret, som ei reiskap for å sikre frivillige organisasjonar den samme ubyråkratiske adgangen til pengeinnsamling på offentleg stad som dei har i dag. Det er over 30 000 lokale lag i Frivillighetsregisteret og det vil bli fleire når det blir opna for integrering av sentralorgansiasjonane sine medlemsregistre i Frivillighetsregisteret. Meldeplikt til Innsamlingsregisteret for alle som vil drive innsamling til ideelle føremål påfører lag og foreningar meir byråkrati og auka kostnader, og vil føre til mindre innsamling i lokal regi.

Med venleg helsing



Birgitte Brekke
Generalsekretær

Ida Holmin
fagsjef inkludering og frivillighet

Med vennlig hilsen

Birgitte Brække
Generalsekretær